

Rusproblem

Har du problem med bruk av alkohol eller andre rusmidlar kan du få hjelp av helsetenesta og Nav kontoret i kommunen.

Behandling

Frå 2004 er det dei statlege helseføretaka som er ansvarlege for rusbehandling i institusjon. Både lege og Nav kontoret i kommunen kan søkje helseføretaket om behandling i rusinstitusjon.

Kva kan du få tilbod om frå Nav kontoret?

- Henvisning til ruskonsulent ved Nordfjord Psykiatrisenter
- Faste støttesamtaler
- Hjelp med økonomi
- Hjelp i forhold til bustad
- Samarbeid med lege, psykiatritenesta med fleire
- Tiltak rundt legemiddelbasert rehabilitering (LAR-behandling)
- Utarbeiding av individuell plan
- Motivasjonsarbeid i forhold til behandling og støttegrupper

Kven kan få tilbodet?

Viss du opplever problem med å styre din rusbruk og ynskjer hjelp til å kome ut av problema.

Foreldre, ektefelle og andre pårørande kan få generell råd og rettleiing ved å ta kontakt med Nav kontoret eller helsetenesta.

Erkjenning av rusproblemet og motivasjon til å gjere noko med det er den største utfordringa i arbeidet med rusproblem.

Korleis få tilbodet?

Ta kontakt med Nav kontoret i kommunen din.

Kven møter du?

Du møter ein rettleiari i Nav.